



Opa Form AS  
Postboks 84 Måseskjæret  
5841 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/17027 - 20/81013

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
19.12.2020

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 323/23 Frekhaug

Tiltak: Bolig, garasje  
Byggjestad: Gbnr: 323/23  
Tiltakshavar: Eline Furukawa  
Ansvarleg søkjar: Opa Form AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.10.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Samtykke frå eigar av gbnr 323/37 på etableringa av veg nærare enn 4 meter frå nabogrense må ettersendast, evt.kan det søkjast dispensasjon frå pbl §29-4 avstandskrav.
2. Dimensjon på innteikna snuhammar må visast/målsetjast på kartet. Vegavdelinga skal vurdere utforminga av snuhammaren og skal setje krav til at den vert utforma i tråd med vegnormalane til statens vegvesen. Vi ynskjer at snuhammar vert etablert for lastebil i samsvar med vegnormal N100 kap. D8.6 og at denne må vere på plass når planering av tomt er utført og før bygging av hus startar i samsvar med dialog i førehandskonferansen tidligare.
3. Skjema for boligspesifikasjon i matrikkelen skal ettersendast.

Kommunen ber om at tilleggsmønstre vert sendt inn samla innan 30.01.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Andreas Hveding Aubert  
Eline Furukawa

**Mottakarar:**

Opa Form AS

Postboks 84 Måseskjæret 5841 BERGEN